

# Protokoll frå årsmøte 2019

## Lindås kulturråd

Leiar i Lindås kulturråd, Einar Vatne, ønskte velkomne til årsmøte i Lindås kulturråd.

### 1. Registrering av frammøtte

Til stades: 20 frammøtte, 13 stemmeberettiga.

- UL Heimhug
- Nordhordland Husflidslag
- Hjelmås mannskor
- Lindås sogelag
- Eknesvågens venner
- Alversund kammerkor
- Songlaget Alvidt-Manger
- Kløvheim ungdomslag
- Musikkens Venner Nordhordland
- Nordhordland Kunstlag
- EBML
- Kløvheim skulekorps
- Alversund skulemusikkorps

Frå valkomiteen møtte Rune Brundtland og Karstein Bjørge.

### 2. Godkjenning av innkalling

Kommentar i årsmøtet om bruk av epost til innkalling:

Å bruke e-post er somme gonger ei utfordring grunna ulike innstillingar på epostlesarar. Det kan skje at ein ikkje får fram epostvedlegg og at delar av innhald i e-posten ikkje visast. I hovudsak dreier det seg om kva meldingsformat epostlesaren (både avsendar og mottakar) er stilt inn på (RTF/HTML).

Det blei og nemt at ein bør bruke blindkopi ved masseutsending av e-post.

### 3. Val av møteleiar

Einar Vatne vart valt til møteleiar.

### 4. Val av referent

Per Ole Ekker vart valt til referent.

### 5. Val av 2 personar til å underteikne protokollen

Hilde Alvær Hagesæter og Gro Sundal vart valde til å underteikne protokollen.

### 6. Årsmelding

Leiar Einar Vatne las gjennom årsmeldinga. Meldinga samråystes vedteken utan merknad.

## **Rekneskap**

Rekneskapen samrøystes vedteken

## **Budsjett**

Budsjettet samrøystes vedteken

## **Handlingsplan**

Handlingsplan samrøystes vedteken.

### **7. Sak til årsmøte**

I samband med etablering av felles kulturråd i Alver kommune foreslår styret i Lindås kulturråd at eksisterande råd blir nedlagt 31.12.2019. I medhald av § 8 i vedtekten for Lindås kulturråd kan dette skje med 2/3 fleirtal i 2 påfølgjande årsmøte.

#### Forslag samrøystes vedteken:

Lindås kulturråd vert lagt ned 31.12.2019.

### **8. Val**

Lindås kulturråd tok hausten 2018 initiativ til å starte arbeidet med eit felles kulturråd. Valnemda ved Rune Brundtland la fram følgjande forslag på styre for året 2019:

Leiar:	Einar Vatne	attval 1 år	Musikkens venner
Styremedlem:	Per Ole Ekker	attval 1 år	Hjelmås mannskor
Styremedlem:	Karin Monstad	attval 1 år	Alversund mållag
Styremedlem:	Siv-Marit Rødland	attval 1 år	Lindås ungdomslag
Styremedlem:	Gro Sundal	attval 1 år	Alversund skulemusikkorps
Varamedlem1:	Hilde A. Hagesæter	attval 1 år	UL Heimhug
Varamedlem2:	Bjørg H. Seljelid	attval 1 år	Kløvheim ungdomslag
Valkomitè:	Karstein Bjørge	attval 1 år	Eknesvågens Venner
Valkomitè:	Nina Eide	attval 1 år	Alvidt Manger
Valkomitè:	Rune Brundtland	attval 1 år	
Revisor:	Oddvar Sundsbø	attval 1 år	

Ingen motforslag på kandidatar og det nye styret vart samrøystes vedteke.

**Etter årsmøtet var det utdeling av inspirasjonsprisen 2019. Prisen gjekk til Eikanger Bjørsvik Musikklag.**

Hilde Alvær Hagesæter  
-sign-

Gro Sundal  
-sign-